

ÅRSPLAN 25/26

Sundve FUS barnehage



Sundve

INNHold

1. Om årsplanen og måla FUS har for barnehagane

Visjon
Verdiar
Hovudmål

2. Om barnehagen

3. Vårt verdigrunnlag

Barn og barndom
Demokrati
Mangfald og gjensidig respekt
Likestilling og likeverd
Berekraftig utvikling
Livsmeistring og helse

4. Barnehagens føremål og innhald

Sosioemosjonell støtte og veiledning
Organisering og leing
Læringsstøtte

5. Barns medverknad

6. Samarbeid

Foreldresamarbeid
Samarbeid med andre instansar

7. Overgongar

Tilvenning i barnehagen
Overgangar innad i barnehagen
Overgang frå barnehage til skule

8. Barnehagen som pedagogisk verksemd

Lærande organisasjon
Planlegging
Vurdering
Dokumentasjon
Tilrettelegging av det allmennpedagogiske tilbudet for barn som treng ekstra støtte.

9. Barnehagens fagområder



**BARNET
FØRST!**



1. OM ÅRSPLANEN OG FUS SINE MÅL FOR BARNEHAGANE

Årsplanen viser korleis barnehagen jobbar for å oppfylle krava i den nasjonale rammeplanen for barnehagens innhald og oppgåver (Kunnskapsdepartementet, 2017, s.37). Årsplanen beskriv korleis me jobbar for å nå FUS sine felles målsettingar for barnehagane.



alle vere seg sjølv, det er mykje glede og latter, og me tek tak i dei små, kjekke augneblinka som plutselig skjer.

Verdiar:

Glødande, skapande og tilstadeverande

Verdiane er kulturbærarane i FUS. Verdiane fortel kva me står for, kva me trur på og kva som er viktig for oss. Dei er ei kjelde til motivasjon og inspirasjon i det daglege arbeidet i barnehagen på vegen for å virkleggjere visjonen.

Våre metodar for å jobbe i tråd med verdiane:

I Sundve FUS barnehage viser me genuin glede over å sjå barna. Me er engasjerte i barna og aktivitetane i barnehagen. Me er opptatt av leiken og er aktivt deltakande i barna sine interesser. Personalet skal vere fantasifulle, nytenkande, nysgjerrige og skal skape magiske augneblink med barna. Dei tilsette er også omsorgsfulle, imøtekommande og gir trygghet til barn og foreldre.

Hovudmål:

- FUS barn har eit positivt sjølvbilet.
- FUS barn er trygge og forskande, trivst i leik og har vennekompetanse.
- FUS barn gler seg til "resten av livet", og veit at dei har moglegheit til å påverke og at
- innspela deira tel.
- FUS barn har det gøy i barnehagen.

Våre metodar for å jobbe mot måla:

- Personalet brukar Tuning in to Kids i møte med alle barna, og blir kvar haust observert i møtet med barna. Rapporten frå observasjonen blir brukt for å heve kvaliteten på arbeidet som blir gjort i barnehagen.
- Personalet tek barna på alvor, og legg til rette for utvikling på barna sine premisser.
- Personalet deltek på rettleiing.
- Personalet følgjer retningslinjene til SmartMat.

Visjon:

Saman gjev me barndommen verdi:Venskap, leik og glede Og kvardagsmagi.

Visjonen er leiestjerna vår og den stakar ut ei retning for kva me ønskjer at FUS barnehagane skal oppnå – no og i fremtida. Visjonen er det me strekkjer oss etter kvar dag i møte med barn, foreldre og kollegaer.

Våre metodar for å jobbe mot visjonen:

Personalet skal kjenneteiknast gjennom eit glødande engasjement for å skape ein omsorg- og læringsarena det er godt å vere ein del av. Me arbeidar målretta mot at alle skal utvikle vennekompetanse og ha gode venner i barnehagen. Me har aktive vaksne, som er nær barna, og rettleiar barna i leik og anna samspel. I vår barnehage får

I FUS barnehagane har me eit felles slagord, «Barnet først». Det inneber at alt me gjer skal vera til barnet sitt beste. «Barnet først» er òg namnet på kompetansesatsinga vår, der målet er eit likeverdig barnehagetilbod av høg kvalitet i alle våre barnehagar.

I denne årsplanen er kapitla bygd opp slik: Fyrst ei beskriving av kva rammeplanen seier, så ei beskriving av korleis me vil gjennomføre dette i praksis.

A circular photograph showing two young children in a forest. One child in the foreground is wearing a yellow and green jacket and a headband with a car pattern, looking down. Another child is visible behind them, also in a green jacket. They are surrounded by tree trunks.

2. OM BARNEHAGEN

Sundve FUS barnehage er ein privat barnehage som starta opp 15. august 2013. Barnehagen ligg ca. 2 mil nordaust frå Voss sentrum, skilta E16 mot Oslo.

Me har flotte, lyse rom og eit godt inneklima. Det er store vindauge gjennom heile bygget, noko som gir mykje naturlig lys, uansett tid på året. Barnehagen har felles garderobe og kjøkken, og er organisert i tre avdelingar. Dette er Smaohamrane for barn 0-1 år, Trekanten for barn 2-3 år og Sandhaugen for barn 4-6 år.

Sundve FUS barnehage har eit flott nærmiljø, med kort veg til fotballbane og mange andre flotte turområder. Les gjerne meir om vår barnehage på heimesida vår: www.fus.no/sundve

2.1 Satsingsområde til Sundve FUS barnehage

Me har i år valgt å ha nærmiljøet som vårt satsingsområde. I rammeplanen står det: «Gjennom utforskning, opplevingar og erfaringar skal barnehagen bidra til å gjere barna kjende med sitt eige nærmiljø, samfunnet og verda» (Rammeplanen 2027).

Når me tenker på nærmiljøet, så tenker me ikkje nødvendigvis berre på det området i umiddelbar nærhet av barnehagen. Me tenker litt større, me tenker på heile Vossestrand. Det er mykje historie og ein rik kultur på Vossestrand, og dette ynskjer me å gi barna ei større kjennskap til. Me ynskjer å gi barna kjennskap til, og erfaring med, lokale tradisjonar, lokal historie, samfunnsinstitusjonar og yrke. Me ynskjer å gi barna ei forståing for at samfunnet er i endring, og at dei er ein del av ein historisk, notidig og framtidig samanheng.

Måten me skal jobbe med satsingsområdet på er gjennom lek, ulike prosjekt, samlingar, musikk, og ulike turar/besøk. Me ynskjer å skape eit samarbeid med bygdekvinnelaga, og kanskje me kan finne på noko kjekt saman med dei.

Korleis ein jobbar med nærmiljøet må sjåast i samanheng med alder og modning. Det vil sei at dei ulike avdelingane vil jobbe med satsingsområdet på ulike måtar ut frå alder og kunnskapsnivå. Dei tilsette legg opp til ulike aktivitetar slik at alle barn har utbytte av dei, lærar og har det kjekt.

Sundve FUS barnehage AS

Adresse: Vossestrandvegen 710,
5713 Vossestrand
Telefonnummer: 56 55 32 03
E-post: dl.sundve@bhg.no

Våre avdelinger:

- Smaohamrane
- Sandhaugen

fus.no/sundve

A photograph showing two children lying on an orange stretcher. They are wearing light blue and pink raincoats with red and blue straps. They are outdoors, and other children are visible in the background.

3. VÅRT VERDIGRUNNLAG

«Verdigrunnlaget til barnehagen skal formidlast, praktiserast og opplevast i alle delar av det pedagogiske arbeidet i barnehagen. Barndommen har ein eigenverdi, og barnehagen skal ha ei heilskapleg tilnærming til barna si utvikling. Samfunnsmandatet til barnehagen er, i samarbeid og forståing med heimen, å vareta barna sitt behov for omsorg og lek og fremje læring og danning som grunnlag for ei allsidig utvikling.»

(Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 7)

Barn og barndom

«Barna skal møtast som individ, og barnehagen skal ha respekt for opplevingsverda til barnet. Barns liv blir påverka av omgivnadane, men barn påverkar òg sitt eige liv.»

(Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 8).

Vårt syn på barn og barndom:

I Sundve FUS barnehage anerkjenner og ivaretar me barndommens eigenverdi. Me ynskjer å bidra til at alle barn får ein god barndom prega av trivsel, vennskap og lek. Me skal også vere ein forberedelse til aktiv deltaking i samfunnet, og bidra til å legge grunnlaget for eit godt liv.

I Sundve FUS barnehage skal alle barn bli møtt med empati, og få muligheten til å vidareutvikle eigen empati og evne til tilgivelse. Me tek utgangspunkt i barnas forutsetningar, perspektiv og erfaring når me prøver å bidra til at barna utviklar eit positivt forhold til seg sjølv, og ha tru på eigne evner. Alle handlingar og avgjersle me vaksne gjer som berører barna, skal ha barnets beste som grunnleggande omsyn.

Demokrati

«Barnehagen skal fremje demokrati og vere eit inkluderande fellesskap der alle får høve til å ytre seg, bli høyrd og delta. Gjennom å delta i barnehagefellesskapet skal barna få sjansen til å utvikle forståing for samfunnet og den verda dei er ein del av.»

(Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 8).

Våre metodar for å fremje demokrati:

I Sundve FUS barnehage skal barna høyre til eit fellesskap der alle skal bli sett, høyrte og vera deltakande. Me jobbar mot at alle skal bli inkludert, ved at ein respekterer reglar, vaksne og andre barn. Alle barn skal kunne få oppleve demokratisk deltaking ved å bidra og medverke til barnehagen sitt innhald, uavhengig av kommunikasjonsevner og språklege ferdigheter. Leiken gir mange muligheter for barn å ta initiativ, og dei får også kjenne på kroppen korleis dei må tåle andre sine initiativ, slik at det skal vere plass for alle. Opplevingar med motstand, forstyrringar og avbrytingar kan vere kilder til frustrasjon, gråt og kringling, men det er også eksempel på eit levande demokrati. Dei vaksne i barnehagen er tett på slike situasjonar for å kunne rettleie, samtidig som ein ynskjer at barna skal prøve å finne ut av desse situasjonane sjølve.

Mangfald og gjensidig respekt

«Barnehagen skal fremje respekt for menneskeverdet ved å synleggjere, verdsetje og fremje mangfald og gjensidig respekt. Barnehagen skal bidra til at alle barn føler at dei blir sett og anerkjende for den dei er, og synleggjere den enkelte sin plass og verd i fellesskapet. Barnehagen skal leggje til rette for kulturmøte, gi rom for barna si eiga kulturskaping og bidra til at alle barn kan få oppleve glede og meistring i sosiale og kulturelle fellesskap.»

(Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 9).

Våre metodar for å fremje mangfald og gjensidig respekt:

I barnehagen skal barna få oppleva at dei alle er ulike, men lika mykje verdt. Me respekterer kvarandre for den ein er, kva ein meiner og me skal lære av kvarandre. Ved å ha fokus på mangfoldet som er i barnehagen, meiner me at det for mange barn kan vere nøkkelen til det å vere trygg. Me vil vere med å skape stolthet over eigen identitet og samtidig vere med på at barna blir anerkjent for den dei er. Ved at barna er trygge får dei mulighet til å vere seg sjølve i barnehagen. Vårt menneskesyn bygger på

verdiane som er forankra i menneskerettighetene. FNs barnekonvensjon seier at alle er like mykje verdt, «Alle barn har rett til beskyttelse mot diskriminering». Ingen barn skal bli diskriminert eller bli dårlig behandla av andre, uansett korleis ein er, ser ut eller kva ein trur på.


Kvar haust startar me i Sundve FUS barnehage året med «min dag» der kvart barn får fortelja om seg sjølv og sin familie. Me markerer òg alle nasjonalitetar som er representert i barnehagen.

Likestilling og likeverd

«Barnehagen skal fremje likeverd og likestilling uavhengig av kjønn, funksjonsevne, seksuell orientering, kjønnsidentitet og kjønnsuttrykk, etnisitet, kultur, sosial status, språk, religion og livssyn. Barnehagen skal motverke alle former for diskriminering og fremje nestekjærleik.»

(Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 10).

Våre metodar for å fremje likestilling og likeverd: Ingen barn er like, og alle møter barnehagen med ulike forutsetningar. I Sundve FUS barnehage er me opptatt av å gi eit likeverdig barnehagetilbud av god kvalitet. Personalet legg til rette for individuell tilpasning og møter barna på deira nivå og forutsetning. Me er opptatt av at innhaldet i barnehagekvardagen skal opplevast som meningsfull for alle barn, og alle barn skal oppleve tilhørighet, meistring, likeverd og tryggleik i barnehagen.





Berekraftig utvikling

«Barna skal lære å ta vare på seg sjølve, kvarandre og naturen. Berekraftig utvikling omfattar natur, økonomi og sosiale forhold og er ein føresetnad for å ta vare på livet på jorda slik vi kjenner det. Barnehagen skal bidra til at barna kan forstå at handlingar i dag har konsekvensar for framtida.»

(Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 10).

Våre metodar for å fremje berekraftig utvikling:

Ein kjent definisjon på omgrepet bærekraftig utvikling er denne: «En utvikling som imøtekommer dagens behov utan å ødelegge mulighetene for at kommende generasjoner skal få dekket sine behov» (FN.no)

I Sundve FUS barnehage kildesorterer me restavfall, plast, papp, bioavfall, glass/metall og batteri. På tur dagar plukkar me opp ting som ikkje høyrer til i naturen, og så snakkar me om viktigheten av å ta vare på naturen vår. Me snakkar om, og ser filmar om, resirkulering, om kva som skjer med boset når bosbilen hentar, og kva det kan verta til. Me ynskjer at barna skal sjå verdien av å ta vare på seg sjølv, kvarandre og naturen, samtidig som me ynskjer å lære barna å tenke kritisk, handle etisk og vise solidaritet.

På våren plantar me ulike grønsaker, til dømes gulrot, blomkål, sukkererter, m.m, som me haustar når det er klart. Me snakkar om kvar maten kjem frå (prosjekt: frå jord til bord), og lagar gode rettar av maten me har planta og hausta.

Livsmeistring og helse

«Barnehagen skal bidra til at barna trivst og opplever livsglede, meistring og ei kjensle av eigenverdi, og han skal førebyggje krenkingar og mobbing. Barna skal få støtte til å meistre motgang, handtere utfordringar og bli kjende med eigne og andre sine kjensler. Barnehagen skal vere ein arena for dagleg fysisk aktivitet og skal stimulere rørslegleda og den motoriske utviklinga til barna. Måltid og matlaging i barnehagen skal gi barna eit grunnlag for å utvikle matglede og sunne helsevanar.»

(Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 11).

Våre metodar for å fremje livsmeistring og helse:

I Sundve FUS barnehage skal barna få oppleve meistring, samtidig som dei har noko å strekke seg etter. Personalet introduserar nye perspektiv og legg til rette for nye opplevingar og erfaringar. Personalet stimulerer barna si undring og evne ved å stille spørsmål, søkje opplevingar, ta initiativ, gir barna varierte inntrykk og mulighet til å uttrykke seg på forskjellige måtar.

Områder som har betydning for barnas livsmeistring er bl.a. tilknytning, leik, barnas medverknad og dei vaksne sin tilstedeværelse. Dette er områder som me i barnehagen jobbar med til dagleg, og som me ser har stor betydning for barnas utvikling. Barna skal få støtte i å meistre motgang, handtere utfordringar og bli kjent med eigne og andre sine følelsar. Personalet er derfor til stades og støttande når barna bygger relasjonar, deltek i samspel, og tileignar seg, og vidareutviklar, ferdigheter som gjer samhandlinga mellom dei trygg og positiv.

Personalet følger SmartMat sine retningslinjer. SmartMat skal først og fremst fremme matglede hjå barna, bidra til god utvikling og sikre at hjernen får rett næring. Rett samansett kosthald aukar trivsel, konsentrasjon og den fysiske og psykiske helsa. Les meir om SmartMat her: <https://fus.no/sundve/smartmat-i-sundve>

Frå 1. januar 2021 er det i barnehagelova eit nytt kapittel VIII Psykososialt barnehagemiljø. I det nye kapittelet er det lovfesta at barnehagen skal ha nulltoleranse for utestenging, mobbing, vald, diskriminering og trakassering. Barnehagen skal jobba førebyggjande ved å kontinuerlig arbeide for å fremje helse, trivsel, leik og læring for barna.

Les meir om dette her: https://fus.no/files/barnehager/files/8/Psykososialt%20barnehagemilj%C3%B8_648977c111b44.pdf



4. BARNEHAGENS FORMÅL OG INNHOLD



«Innhaldet i barnehagen skal vere allsidig, variert og tilpassa enkeltbarnet og barnegruppa. I barnehagen skal barna få leike og utfalde skaparglede, undring og utforskartronge. Ein skal sjå arbeidet med omsorg, danning, leik og læring, sosial kompetanse og kommunikasjon og språk i samanheng og samla bidra til den allsidige utviklinga til barna. »

(Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 19)



Barnet først er eit heilskapeleg system for å styrke dei tilsette sin kunnskap og handlingskompetanse. Det inneheld tre ulike hovudområde som saman bidreg til å styrke barns allsidige utvikling; sosioemosjonell støtte og veiledning, organisering og leiing, samt læringsstøtte.

Sosioemosjonell støtte og veiledning:

Sosioemosjonell støtte og veiledning handlar om korleis dei tilsette klarar å skape ein barnehagekvardag som hjelper barn å utvikle gode relasjonar med andre, oppleve glede ved å lære noko nytt, oppleve tryggleik og tilknytning og ha ei oppleving av sjølvråding og sjølvstende.

Positivt klima: I eit positivt klima smiler og ler dei tilsette saman med barna. Me ser mange bevis på at dei har en god relasjon til barna, og dei viser entusiasme og interesse både med kroppen og stemma. Dei er der barna er, i barna si høgde og med kroppen vendt mot dei.

Negativt klima: Det er dersom dei tilsette straffar, hånar, kjeftar og ertar barna. Det skal sjølvstende vere fråvær av negativt klima i barnehagen.

Sensitive voksne-trygge barn: Å vere sensitiv handlar om å vere merksam og respondere på dei enkelte barn sine teikn på at dei har behov for støtte. Dei tilsette kjenner barna godt. Dei merkar dersom barna er urolege, redde, uoppmerksame, uinteresserte, og dei tilpassar åtferda si for å respondere på det dei ser.

Barns perspektiv og medverkad: Dei tilsette følgjer barnas initiativ og idéar, viser fleksibilitet og ivaretek barnas perspektiv. Dei let barna utrykke seg og etter-

spør barnas idéar, gir barna ansvar og oppmuntring til å klare seg sjølv.

Emosjonskompetanse hos barn og ansatte: Emosjonskompetanse handlar om å identifisere og forstå eigne kjensler og handtere frustrasjon. Det handlar om å hindre at stress og uro overveldar evna til å tenkje klart, og å ha kontroll over korleis og når ein uttrykker kjensler.

Emosjonsveiledning: I emosjonsveiledning er dei tilsette medvitne barnets kjensler, er til stade, opprettar kontakt med barnet, viser forståing og aksept for barnets kjensler. Dei går inn i kjensla til barnet, og set namn på kjensla. Viss naudsynt, hjelper og støttar dei barnet i problemløysinga.

Organisering og leiing:

Organisering og leiing handlar om korleis tilsette skaper ein barnehagekvardag som hjelper barn å

utvikle god sjølvregulering, halde fokus og vise interesse for leik og læringssituasjonar. Dei tilsette etablerer og opprettheld rutiner og strukturar for å skape føreseielegheit og tryggleik, slik at barna kan engasjere seg i meningsfulle og utviklingsfremjande aktivitetar.

Gruppleiing og veiledning: Dei tilsette er proaktive og har klare forventningar til åtferd. Dei gir merksemd til ønska åtferd og gir trygge og føreseielege rammer.

Tilrettelegge for leik, læring og overganger: Avdelinga har klare rutiner og dei tilsette sikrar flytande overgangar. Barna kjenner til regler, og barnehagekvardagen er prega av lite venting. Innhald og aktivitetar er godt førebudde.

Variasjon: Det er varierte og interessante materialer i barns høgde. Dei tilsette tek barns perspektiv og legg til rette for barns deltaking i aktivitetar.



Læringsstøtte:

Læringsstøtte handlar om at dei tilsette gir støtte til barnas læring. Det teoretiske grunnlaget kjem hovudsakleg frå forskning på kognitiv utvikling og språkutvikling. Der er skilnaden mellom det å kun lære fakta og å lære korleis fakta heng saman, er organisert og avhengig av hverandre, lagt vekt på. Barns kognitive og språklege utvikling er avhengig av høva dei får til å nytte eksisterande dugleik, og om dei tilsette støttar utviklinga av stadig meir komplekse dugleikar. Læring skjer når barnet er i samspel, er aktivt og opplever mening og engasjement. Rein instruksjon høver seg ikkje for barn i barnehagealder. Dei har behov for å delta, medverke og oppleve meining for at læring skal kunne skje.

Omgrepsutvikling, forståing og dybdelæring: Dei tilsette nytta læringsfremjande diskusjonar og aktiviteter saman med barna. Læring handlar ikkje berre om å tileigne seg kunnskap, men også om å nytte denne kunnskapen i nye situasjonar. Dei tilsette legg mest vekt på å auke barnas forståing, snarare enn berre å gjennomføre læringsaktiviteten. Dei tilsette relaterer nye omgrep til situasjonar, hendingar eller objekt som barna er kjende med. Gjenkjenning fremjer læring. Dei tilsette etterspør barns tenkning og problemløysing.

Tilbakemeldingar: Barn treng tilbakemeldingar på eigen læring for å få mest mogleg ut av en situasjon/aktivitet. Når barna er i leik og held på med aktivitetar, kan dei tilsette gi hint (verbalt eller fysisk) eller stille spørsmål og kome med innspel for at barna skal halde fram med ei oppgåve lenger, og dermed oppnå auka læring og meistring. Målet er tilbakemeldingssirklar, det vil sei gjentakande spørsmål - svar – sekvenser, slik at barnet får ei djupare forståing av det aktuelle temaet.

Språk: I språkstøtte er det viktig med hyppige samta-

lar saman med barna, og fram- og tilbakevekslinger mellom barnet og den tilsette. Dei tilsette snakkar med barna, ikkje til barna. Dei stiller mange opne spørsmål, der det krevast meir enn eitt eller to ord til svar, dei repeterer og videreutviklar barnas utsegn, set ord på det dei sjølv gjer og det barna gjer. Dei har eit variert språk, forklarar ord og knyt ord til hendingar/erfaringer her og no. Dei tilsette har ein klar intensjon om å fremje barns språk i samtalar mellom barna og mellom barn og tilsette.

Eigenleing i leik og læring: Dei tilsette støttar barna i si utvikling av eigenleingsfunksjonane; planlegging, organisering, arbeidsminne, fleksibilitet, sjølvregulering, sjølvmonitorering, igangsetting. Dei tilsette legg til rett for eit variert og rikt leikemiljø og deltek i barnas leik.

BARNET FØRST!



Slik arbeider me med Barnet først:

Omsorg er ein viktig del av det uformelle samspelet i Sundve FUS barnehage. Dei tilsette viser nærhet, ømhet, varme, oppmerksomhet, tålmodighet og innlevelse. Me toner oss inn på og rettleiar barnas følelsar, det vil sei me møter barna der dei er i emosjonelle følelsesmessige uttrykk. For å få dette til må me vere sensitive vaksne, for å bygge gode og trygge relasjonar. Me arbeidar for å gi barna god sjølvfølelse, og meistring, som me veit er nært knytt opp til at barna skal oppleve ein god barndom.

Me jobbar med å gi barna eit godt grunnlag i sosial kompetanse, som igjen bidrar til å skape gode vennerelasjonar. Me ynskjer at barna skal ha følelse av å høyre til, og vite sin plass i gruppa. Alle er ein del av eit fellesskap, ein barnehage og si eiga avdeling. For å sikre at barna kan danne vennskap er dei vaksne sensitive og hjelper barna i leik og konflikthåndtering, og dei tek hensyn til barnas perspektiv og medverknad.

Danning er ein livslang prosess som blant anna handlar om å utvikle evna til å reflektere over eigne handlingar og veremåte. Danning skjer i samspel med andre, og dette er ei forutsetning for at barnet kan danne eigne meiningar, vere kritiske og utviklande i tankegangen. Dei tilsette er nær barna, og hjelper dei med å regulere og lære av eigne følelsar.

Leik er ei grunnleggande livs- og læringsform for barn, der dei kan uttrykke seg, konstruere, organisere, planlegge, lære, bearbeide og samanlikne virkelighetsoppfatningar. Dei vaksne er tilgjengelige og fungerer som støttande vaksne, dei legg til rette for variert leik, og har leiken i fokus i kvardagen. Barnehagen jobbar med fagområda i rammeplanen gjennom leik, som å skape variasjon og utvikling for alle. Barna skal bli trygge og ha tru på at «eg er god nok». Me har fokus på varierte materialer i barns høgde, og klare rutiner.

Personalet i barnehagen skal fungere som gode rollemodellar innan kommunikasjon og språk, og er derfor bevisst eige kroppsspråk, blick og tonefall. Me brukar sjølvsnakk, der me snakkar om det me gjer («no tømmer eg melk i glaset» samtidig som ein gjer det), og me er bevisste på å stille opne spørsmål. Me er bevisst på å få til ein samtale med fleire «fram- og tilbake utvekslingar». Me gir barna tid til å svare, og jobbar med å utvide ordforrådet. Me jobbar med at barna skal bruke språket som eit uttrykk ved konfliktløysing.



5. BARNS MEDVERKNAD

«Barnehagen skal sikre barna sin rett til medverknad ved å leggje til rette for og oppmuntre til at barna kan få gitt uttrykk for kva dei synest om den daglege verksemda i barnehagen. Alle barn skal kunne erfare å få påverke det som skjer i barnehagen på måtar som er tilpassa alderen, erfaringane, dei individuelle føresetnadane og behova til barna.»

(Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 27).

Våre metodar for å sikre barns medverknad:

I Sundve FUS barnehage prøver me å bevisstgjere og oppmuntre barna til å komme med tilbakemeldingar på kva dei ynskjer å gjere. Me tek interessa til barna på alvor, og legg gjerne opp aktivitetar og tema ut frå barna sine ynskjer. Det er viktig for oss at barna veit dei kan komme med sine tilbakemeldingar og ynskjer, men me må også påpeke at det å medverke er ikkje det samme som å bestemme. Det betyr ikkje at barna får gjere som dei vil.

Dei vaksne legg til rette for at barna skal få jevnlig mulighet til aktiv deltaking i planlegginga og vurderinga av barnehagen sin virksomhet. Barna skal sjølvstøtt ikkje bli overlatt eit ansvar dei ikkje er rusta til å ta, derfor tek dei vaksne alltid utgangspunkt i barna sin alder og modning.

Me gjennomfører alltid barnesamtalar med dei eldste barna i barnehagen. Då får dei gi tilbakemelding på korleis dei opplever barnehagekvardagen, og kan kome med tilbakemeldingar på korleis dei ynskjer at den skal vere.

Store delar av dagen får barna sjølve bestemme kven dei ynskjer å leike/vere med. Dei vaksne er då i nærheten og hjelper til dersom det oppstår konflikhtar, eller hjelper barna med å utvide leiken med tips og råd. Barna får også vere med å bestemme/organisere enkeltaktivitetar, og dei vaksne strekk seg langt for å dekke kvart enkelt barn sitt behov.

Kvart barn får spørsmål om å vere ordensbarn, den dagen hjelper dette barnet litt ekstra, og får vere med å bestemme litt meir enn vanlig.

I Sundve FUS barnehage er me også opptatt av det som skjer «her og no». Dersom det er noko som fangar alle barna si interesse, blir dette prioritert framfor anna planlagt aktivitet. Det samme gjeld når ein er på tur, målet er sjølve turen, ikkje det å komme fram til ein bestemt plass. Dei vaksne er fleksible, og tek barna sine interesser på alvor.



6. SAMARBEID

«Barnehagen skal i samarbeid og forståing med heimen vareta barnas behov for omsorg og leik og fremje læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling. Samarbeidet mellom heimen og barnehagen skal alltid ha barnets beste som mål. Foreldra og barnehagepersonalet har eit felles ansvar for at barnet skal trivast og utvikle seg.»

(Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 29).

Foreldresamarbeid:

Våre metodar for å skape eit godt foreldresamarbeid:

I Sundve FUS barnehage er me opptatt av god dialog når det gjeld barnas helse og trivsel. Me ynskjer å ha god dialog når det gjeld kle, utstyr og oppfølging av barnet. Me respekterer individuelle forskjellar, som t.d religion, helseomsyn og personlege overtydingar.

Samarbeidet mellom heimen og barnehagen skjer på individnivå (daglege samtalar, foreldresamtalar, oppstartsamtar, MyKid), og gruppenivå (foreldreråd og SU). Me i Sundve FUS barnehage forventar at foreldre held seg oppdatert på skriftlig informasjon frå barnehagen (på MyKid).

Les meir om foreldresamarbeid her: <https://fus.no/sundve/foreldresamarbeid>

Samarbeid med andre instansar:

Sundve FUS barnehage samarbeidar med fleire instansar, dette er nokon av dei:

Barnehageadministrasjonen i heradet

Sundve FUS barnehage er ein privat barnehage, men me samarbeidar tett med Voss herad. Dagleg leiar er med på fagmøter og leiarmøter, og heradet inviterer ofte heile personalgruppa med på planleggings dagar. Me samarbeidar også med heradet ved opptak av nye barn, då alle søker gjennom heimesida til Voss herad.

PPT

Pedagogisk-psykologisk tenestekontor (PPT) er ein stad der foreldre, barnehagepersonell, og helsepersonell kan søkje råd i spørsmål som gjeld trivsel, tilpassing og opplæring for barn. Barnehagen samarbeidar med PPT om enkeltbarn i samråd med foreldre, eller PPT kan gi råd og rettleiing til personalet.

Barnevern

Barnevernstenesta skal vera med på å sikra omsorg og tryggleik for born som har særlege behov. Alle tilsette i barnehagen er i barnehagelova § 22 pålagt opplysningsplikt til barnevernet når det er grunn til å tru at barn blir mishandla eller det førekjem andre former for alvorleg omsorgssvikt. Foreldre kan sjølv ta kontakt med barnevernet for å få rettleiing/hjelp.

Helsestasjon

Tenesta skal betre føresetnaden for god psykisk og fysisk helse ved å fremje trivnad, velvære og meistring av dei utfordringane menneske møter i kvardagen, samt førebygge sjukdom og skade. Barnehagen kan ta kontakt med helsestasjonen når ein treng råd ved generelle spørsmål omkring helse og sjukdom som gjeld barn i barnehagen.

Tverretatlig samarbeid

Barnehagen er ein del av eit tverrfagleg team som består av PPT, barnevern og helsestasjon, også kalla barnehageteam. I løpet av barnehageåret har me fire møter, to på hausten og to på våren. Her kan ein ta opp generelle problemstillingar som gjeld heile barnegruppa eller enkeltbarn. Med samtykkje frå foreldra kan ein diskutera saker som gjeld deira barn, og dersom ein diskuterer enkeltbarn er det ynskjeleg at foreldra deltek på møtet. Her vert det tid til refleksjonar, diskusjon og erfaringsutveksling.

Målet med barnehageteam:

- Å bidra til at barn som av ulike grunnar treng ekstra oppfølging, stimulering og omsorg, får god og tidlig hjelp.
- Gjere det enklare å ta kontakt for råd og rettleiing før vanskaner vert for store.
- Gjere hjelpetenestene meir synlege for samarbeidspartar og brukarar.
- Høgskule/universitet
- Sundve FUS barnehage er praksisbarnehage for studentar som går på Høgskulen på Vestlandet, avd. Sogndal. Dette fører til gode erfaringar, læring og refleksjonar for dei tilsette i barnehagen. Dette vil igjen vere med å utvikle barnehagen vår, og sikre at me er ein lærande organisasjon.



7. OVERGANGAR

Tilvenning i barnehagen

«Barnehagen skal i samarbeid med foreldra leggje til rette for at barnet kan få ein trygg og god start i barnehagen. Barnehagen skal tilpasse rutinar og organisere tid og rom slik at barnet får tid til å bli kjent, etablere relasjonar og knyte seg til personalet og til andre barn.»

(Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 33).

Våre metodar for å sikre ei trygg og god tilvenning:

I Sundve FUS barnehage ser me viktigheten av barnas tilvenning, og baserer vår praksis på tilknytningsteori og forskning. For mange er møtet med barnehagen ein av dei første gongene omsorg og stell blir overlatt til nokon andre enn familien. For at barnet skal føle seg trygg på dei vaksne, andre barn og det fysiske miljøet, sett me av god tid til tilvenninga. Hjå oss er det forventta minimum fem dagar til tilvenning. Når eit nytt barn begynner i barnehagen hjå oss, avtalar foreldre og personalet kva som vil vere den beste tilvenninga for akkurat det barnet. Tilvenningsperioden vil derfor vere individuell, ut frå behovet til barn og foreldre.

Les meir om hovodtrekka i tilvenningsperioden her: <https://fus.no/sundve/tilvenning>

Overgangar innad i barnehagen

«Personalet skal sørge for at barn og foreldre får tid og rom til å bli kjende med andre barn og anna personale når eit barn byter barnegruppe.»

(Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 33).

Våre metodar for å sikre ein god overgang innad i barnehagen:

Ved overgangar innad i barnehagen gjennomfører pedagogane på den nye avdelinga ein ny oppstartsamtale med foreldre (dersom det er ein ny pedagog). Dette gjer me for at foreldre skal ha muligheten til å bli bedre kjent med den nye pedagogen, og dei har mulighet for å gi den informasjonen dei tenker er viktig for den nye avdelinga å vite om. Me gjennomfører også overgangssamtalar mellom dei tilsette i barnehagen.

På våren vil barna som skal bytte avdeling vere på besøk på den nye avdelinga. Då vil det vere med kjente vaksne, og dei vil møte vaksne på den nye avdelinga samt barn dei skal gå i saman med. Barn som skal bytte avdeling, får også med seg eit brev heim der det står litt om overgangen, forventningar, og kven som skal vere på den nye avdelinga.

Sundve FUS barnehage er ein relativt liten barnehage, og ein samarbeidar om morgonen og ettermiddagen, så barna vil allerede kjenne til dei andre vaksne og barn før overgangen til ny avdeling.

Overgang frå barnehage til skule

«Barnehagen skal i samarbeid med foreldre og skulen leggje til rette for at barnet kan få ein trygg og god overgang frå barnehage til skule, og eventuelt til skulefritidsordninga. Dei eldste barna skal få høve til å gle seg til å begynne på skulen og oppleve at det er ein samheng mellom barnehagen og skulen. Barnehagen skal bidra til at barna kan avslutte barnehetida på ein god måte og møte skulen med nysgjerrigheit og tru på egne evner.»

(Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 33).

Våre metodar for å sikre ein god overgang til skolen:

Sundve FUS barnehage følger planen til Voss herad ved overgang barnehage-skule. Målet med denne planen er å sikre god og trygg overgang frå barnehage til skule. Planen er meint som eit verktøy for dei tilsette i barnehagen og skulen, og skal sikre ein god overgang som gir barna glede og lyst til å ta til på neste del av utdanninga si.

Me er også så heldige at me ligg rett ved sida av skulen dei fleste barna begynner på. Dette gjer at barna blir godt kjent med uteområdet til skulen, og me har også mulighet for å låne gymsalen dersom me ynskjer det.

Me brukar 2 skjema i overgangen barnehage-skule, dei er:

«Her er eg!» - dette er eit skjema barna sjølve skal fylle ut, ved hjelp av ein vaksen

Overføringsskjema føresette – dette er eit skjema pedagog i barnehagen og foreldre skriv saman. Der blir ein einige om kva informasjon barnehagen skal overføre til skulen.

Les meir om overgangen barnehage-skule her:

<https://voss.herad.no/tenester/barn-og-familie/vossabarnehagen/nytt-og-nyttig-barnehage/overgang-barnehage-skule/>



8. BARNEHAGEN SOM PEDAGOGISK VERKSEMD

Lærande organisasjon

«Målet med barnehagen som pedagogisk verksemd er å gi barna eit tilrettelagt tilbod i tråd med barnehagelova og rammeplanen. For å oppnå dette skal barnehagen vere ein lærande organisasjon, og det pedagogiske arbeidet skal vere grunnlagt i barnehagelova og rammeplanen.»

(Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 37).

I FUS er me lærande barnehagar. Personalet er i kontinuerlig utvikling, reflekterer over faglege og etiske problemstillingar, held seg faglig oppdatert og er gode rollemodellar. Senge (2006) seier: “ein lærande organisasjon er ein organisasjon som kontinuerlig forbedrer si evne til å skape si eiga framtid.” Me legg derfor vekt på at personalet utviklar evnene sine og bygger kapasiteten sin slik at barna møter omsorgsfulle og kompetente tilsette.

Våre metodar for å oppretthalde ein lærande organisasjon:

I Sundve FUS barnehage har me egne ressurspersonar i CLASS. Desse observerer i barnehagen, og gir tilbake-melding på den praksisen som er i vår barnehage. Dei tilsette vil ut frå desse observasjonane kunne evaluere eigen praksis, og dette fører til læring og utvikling både individuelt og som gruppe. Me blir også observert av ein ekstern observatør 1 gong i året, tilbakemeldinga her blir også brukt til vidare utvikling/læring.

Sundve FUS barnehage er praksisbarnehage til barnehagelærarstudentar, noko som gjer at me heile tida får presentert den nyaste og ferskaste teorien, og det blir stilt spørsmål ved det me gjer. Når ein blir stilt spørsmål om eigen praksis må ein heile tida evaluere, og forsvare det ein gjer, eventuelt endre praksis om ein ser nytten av det.

Planlegging

«Planlegging gir personalet grunnlag for å tenkje og handle langsiktig og systematisk i det pedagogiske arbeidet. Planlegginga skal bidra til kontinuitet og progresjon for enkeltbarn og barnegruppa, og skal vere utgangspunkt for refleksjon og utvikling i verksemda.»

(Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 37).

Våre metodar for planlegging:

Når me planlegg tek me utgangspunkt i barna sine interesser og behov. Med dei styrande dokumenta i bakhand, lær me gjennomføringa av planane vere fleksible slik at det blir rom for spontanitet og barn si medverknad. Planlegginga skal gi personalet grunnlag for å tenke og handle langsiktig og systematisk i det pedagogiske arbeidet.

Kvart år skriv barnehagen ein årsplan, og årsplanen er ein arbeidsredskap for barnehagepersonalet og dokumenterer valga til barnehagen. Me skriv månadsplanar og vekeplanar som er meir detaljerte i forhold til dei enkelte dagane og vekene. Me skriv også månadsbrev, og i dette brevet går me meir i detalj over det me har gjort og det me skal gjere kommande månad.

Vurdering

«Barnehagen skal regelmessig vurdere det pedagogiske arbeidet. Det betyr at det pedagogiske arbeidet skal beskrivast, analyserast og tolkast ut i frå barnehageplanane, barnehagelova og rammeplanen. Vurderingsarbeidet skal byggje på refleksjonar som heile personalgruppa er involvert i. Trivselen og den allsidige utviklinga til barnet skal derfor observerast og vurderast fortløpande, med utgangspunkt i dei individuelle føresetnadane til barnet og kunnskap om barns utvikling og behov. Erfaringane og synspunkta til barnet skal inngå i vurderingsgrunnlaget..»

(Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 38).

Våre metodar for vurdering:

Barnehagen vurderer regelmessig det pedagogiske arbeidet. Vurderingsarbeidet bygger på refleksjonar som heile personalgruppa er involvert i, og legg grunnlaget for at barnehagen er ein lærande organisasjon. I Sundve FUS barnehage legg me vekt på dette:

Korleis vurderer me:	Kva skal vurderast:	Hensikta med vurdering:
Pedagogisk dokumentasjon	Framdrift i prosjektarbeid/tema	Sikre høg kvalitet og måloppnåing i arbeidet. Sikre refleksjon hjå tilsette.
«Barnet først» møter	Framdrift/implementering av CLASS og TIK (Barnet først)	Sikre høg kvalitet og måloppnåing i arbeidet. Sikre refleksjon hjå tilsette.
HMS-gruppe	HMS arbeidet i barnehagen	Sikre høg kvalitet og måloppnåing i arbeidet. Sikre refleksjon hjå tilsette.
Halvtårsrapport	Framdrift og måloppnåing i forhold til årsplan, rammeplan og halvtårsplan	Sikre høg kvalitet og måloppnåing i arbeidet. Sikre refleksjon hjå tilsette.
Pedagogmøter	Kvalitet i prosjekt/tema og rutinesituasjonar	Sikre høg kvalitet og måloppnåing i arbeidet. Sikre refleksjon hjå tilsette.
Basemøter	Kvalitet i prosjekt/tema og rutinesituasjonar	Sikre høg kvalitet og måloppnåing i arbeidet. Sikre refleksjon hjå tilsette.
Brukarundersøkinga	Opplevd kundetilfredshet	Forbedring av opplevd kundetilfredshet
Komitèar for ulike arrangement	Kvalitet i gjennomføring av tradisjonelle markeringar i barnehagen	Sikre gode rutiner for gjennomføring av faste arrangement
CLASS observasjonar (internt og eksternt)	Kvaliteten på arbeidet som blir gjort i barnehagen	Auke kvaliteten for barn og vaksne i barnehagen

Dokumentasjon

Dokumentasjon av personalet sitt arbeid synleggjer korleis personalet arbeider for å oppfylle krava i barnehagelova og rammeplanen. Dokumentasjon av det pedagogiske arbeidet skal inngå i barnehagen sitt arbeid med å planleggje, vurdere og utvikle den pedagogiske verksemda.

(Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 39).

Våre metodar for dokumentasjon:

Me dokumenterer på ulike måtar, nokon er synlige for foreldra, andre kun for dei tilsette. Foreldra har alltid rett på å sjå dokumentasjonen barnehagen har av deira barn, men ikkje av andre barn.

Dokumentasjon som er synlig for foreldre:

- Årsplan, månadsplan, vekeplan/dagsplan, månadsbrev.
- Foreldresamtalar, med observasjonar av deira barn.
- Individuell mappe på sitt barn
- Bilete på MyKid
- «Dagen i dag» på MyKid
- Praksisfortellingar
- Utstilling av det barna har laga/tema ein har i barnehagen

Dokumentasjon som er synlig for tilsette:

- Observasjonar, både gruppenivå og individnivå
- Referat etter ulike møter (med barn, foreldre, personal)

Tilrettelegging av det allmennpedagogiske tilbodet for barn som treng ekstra støtte

«Barnehagen skal tilpasse det allmennpedagogiske tilbodet etter behova og føresetnadane til barna, også når enkelte barn har behov for ekstra støtte i kortare eller lengre periodar. Barnehagen skal sørge for at barn som treng ekstra støtte, tidleg får den sosiale, pedagogiske og /eller fysiske tilrettelegginga som er nødvendig for å gi barnet eit inkluderande og likeverdig tilbod. Inkludering i barnehagen handlar òg om å leggje til rette for sosial deltaking. Dersom det er grunn til å tru at barnet ikkje kan få dekt behova sine innanfor det allmennpedagogiske tilbodet, skal barnehagen opplyse foreldra om retten til å krevje ei sakkyndig vurdering av om barnet har behov for spesialpedagogisk hjelp.»

(Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 40).

Våre metodar for tilrettelegging av det allmennpedagogiske tilbodet:

Ved å jobbe med «Barnet først» legg me til rette for læring og utvikling for alle barn, uansett alder og forutsetningar. Me ynskjer at alle barn, så langt det lar seg gjere, får delta i alle aktivitetar og har glede av å delta.

For å sikre at barna får eit tilbud som er det beste for deira oppvekst og utvikling har me eit godt tverrfaglig samarbeid. PPT er den mest sentrale aktøren me samarbeidar med om barn som har behov for spesialpedagogisk hjelp. I samråd med foreldre/foresatte vurderer me henvisning til PPT dersom me ser at barnet treng meir utredning, eller andre tiltak enn det barnehagen kan gi innan sitt ordinære tilbud. Det er PPT som er sakkunnig instans, og kan samarbeide med barnehage og foreldre om det då vil vere aktuelt med spesialpedagogisk hjelp. Dei uttarbeidar ein sakkunnig vurdering, før kommunen eller fylkeskommunen vedtar eventuell spesialpedagogisk hjelp. Barnehagen har eigen kontaktperson på PPT som me kan ringe og diskutere med, og som kan støtte barnehagen i vidare arbeid.



9. BARNEHAGENS FAGOMRÅDER

Barnehagen har 7 ulike fagområde:

- Kommunikasjon, språk og tekst
- Kropp, rørsle, mat og helse
- Kunst, kultur og kreativitet
- Natur, miljø og teknologi
- Mengd, rom og form
- Etikk, religion og filosofi
- Nærmiljø og samfunn

«Fagområda speglar område som har interesse og eigenverdi for barn i barnehagealder, og skal bidra til å fremje trivsel, allsidig utvikling og helse. Barnehagen skal sjå fagområda i samanheng, og alle fagområda skal vere ein gjennomgåande del av innhaldet i barnehagen. Barnehagen skal ta utgangspunkt i engasjementet og bidra til barna slik at arbeidet med fagområda kan opplevast som ein meningsfull og morosam del av kvardagen til barna. Barna skal utvikle kunnskapar og ferdigheiter innanfor alle fagområde gjennom undring, utforsking og skapande aktivitetar.»

(Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 47).

Våre metodar for å ivareta rammeplanens føremål med fagområda:

Kommunikasjon, språk og tekst

Personalet i barnehagen skal fungere som gode rollemodellar, gjennom å vera bevisst på eige kroppsspråk, blikk og tonefall. Det er viktig å bekrefte det barna seier, samstundes som me vidareutviklar samtalen utifrå barnas interesse.

Me jobbar for at barna skal bruka språket som eit uttrykk ved konfliktløsning, noko som også bidrar til eit variert ordforråd. Ved at barna får tid og rom til å svare, utviklar dei større omgrepsforståing. Difor stiller me opne spørsmål som krev meir frå barnet enn eit ja/nei svar.

Me brukar visuell støtte for barna. Med det meiner me at me brukar bilder eller symbol som barn og vaksne kan sjå på medan ein snakkar saman, der ein kan peke, sjå, høyre og gjenta. Det støttar barna si språkforståing, gjer omgrepsinnlæringa enklare, det kan vere ei støtte til å uttrykke seg, auke sjølvstendighet og deltaking og gi struktur og oversikt.

I samling fortel personalet om dagsrytme for dagen, som etter alderen aukar til å vere dag, dato, månad, årstid og årstall. Barnehagen skapar ei felles forståing og vidareutviklar omgrepsforståinga. Barna skal bli kjend med eit mangfald av eventyr, forteljingar og uttrykksformar. Me oppmuntra barna til å fortelja frå eigen kvardag, og gjenfortelle hendingar. Frå barna er ganske små skal dei kjenne att sitt eige navn, og etterkvart oppmuntrar dei tilsette til å øva på å skrive eigne bokstavar frå namnet sitt.

Kropp, rørsle, mat og helse

I barnehagen skal ungane ha eit variert miljø, dei skal bli kjend med eigen kropp og kjensler. Alle vil få øve på å meistre nye kroppslige utfordringar. Målet før skulealder at barna skal vere sjølvstendige på toalettbetok og hånadvask,- enkel hygiene. Dei skal også meistre å kle av og på seg sjølv, og ha oversikt over eigne ting. Dei skal kjenne plassen sin, og henge på plass eigne kle.

Barna skal sette grenser for eigen kropp og respektere andre. Barna skal utforske barnehageområdet både inne og ute, og bli kjend med ulike turområder i nærmiljøet. Me ønsker at barna skal oppleve glede

av fysisk aktivitet. Personalet møter barna på deira utviklingstrinn, og gir tilpassa utfordringar og aktivitetar. Barna er mykje ute, dei utviklar motorikken, undrar seg over kva som skjer og kva som finst ute til ulike årstider, og stimulerar kreativiteten sin. Me fremjer barna sin fysiske og psykiske helse, og bidrar til at barna trivst og opplever livsglede, meistring og kjensle av eigenverdi. Me førebyggjer krenking og mobbing, snakkar om ulikheter og gode verdier. Barna vil møte utfordringar og motgang, men få støtte til å bli kjend med eigne og andre sine kjensler og tanker. Barna skal få ro og kvile, samt dagleg fysisk aktivitet.

Barnehagen gir eit godt grunnlag for å utvikle matglede og sunne helsevanar. Frå barna er små skal dei øve seg på å ete og drikke sjølv, til at dei med årene skal kunne helle drikke i kopp, fylle vannflaske, og smøre mat/forsyne seg sjølv. Dei får innsikt i kvar maten kjem ifrå, deltek i matlaging, får tilbud om sunn og variert mat, opplever matglede og blir motiverte til å prøve nye smaker. Me vil skape gode samtalar rundt måltidssituasjonar og gi barna ei kjensle av tilhørighet og samhald i gruppa.


Kunst, kultur og kreativitet

I Sundve FUS barnehage legg me til rette for kreativitet ved å bidra til at barna saman får oppleve og skape kunstneriske og kulturelle uttrykk. Barna får lage ting på sin måte. Dei får lov til å bruke ulike materiale for å uttrykke sin kreative side. Personalet brukar musikk til å danse, og øve på rytme. Me har eit stort spekter i kva musikk me brukar, til dømes brukar me hit-musikk, barnesongar og fugledansen.

Me les mykje eventyr, og brukar både flanellograf og dramatisering når me formidlar eventyra. Me brukar mykje song, og syng dersom det passar inn. Me bidreg til at kulturelt mangfald blir til glede for heile barnegruppa, blant anna ved å jobbe med minoritet-skulturar. Me har også haustfest og me markerar 17. mai kvart år.

Natur, miljø og teknologi

I Sundve FUS barnehage jobbar me for at barna skal vere nysgjerrige på naturen, og gjere erfaringar med å bruke teknologi og redskapar. Me går på tur heile året, og likar å utforske naturen saman med barna. Me bygger «hytter», lagar dyr og steinhus av det me finn rundt oss. Me «fiskar» i groer rundt oss, og



snakkar om kvifor me ikkje kan kutte ned alle trea i skogen. Me har eigen kjøkkenhage, og kvart år har me prosjektet «frå jord til bord», der me plantar eigne grønnsaker i kjøkkenhagen vår og i drivhusa.

Me er opptatt av miljøet vårt, og lærer barna å resirkulere. Me har samling om resirkulering, og sjølv resirkulerar me plastavfall, restavfall, bio, papp/papir, glass/metall og farlig avfall som brukte batteri og lyspærer. Av teknologi får barna vere med på ulike ekseriment, og me har ulike robotmus som barna får vere med å kode. Me brukar også interaktive puslespel.

Mengd, rom og form

I Sundve FUS barnehage er me opptatt av å bruke naturen, og legge til rette for matematikk i kvardagen. Fagområdet handlar om å oppdage, utforske og skape strukturar og hjelper barna til å forstå samanhengar i naturen, samfunnet og universet. Me legg til rette for lek med puslespel, brettspel, former, klossar og me jobbar med sortering av leiker. Me er opptatt av at det skal vere visuelt tilgjengelig for barna, og heng for eksempel tal, former og ulike fargar opp på veggen. Me syng songar om tal, og brukar kroppen og sansane for å utvikle romforståing. Me legg til rette for at barna utviklar ei forståing for grunnleggande matematiske omgrep.

Etikk, religion og filosofi

Etikk, religion og filosofi er med på å forme korleis me oppfattar verda og menneska, og pregar verdier, normer og haldningar. I Sundve FUS barnehage markerer me dei kristne høgtidene. Me markerer også andre kulturar me har i barnehagen, samt samane sin nasjonaldag. Me snakkar mykje om å respektere andre; ingen er like, men alle er like mykje verdt. Me legg til rette for filosofiske samtalar i grupper, og utforskar og undrar oss saman med barna. Dei vaksne i barnehagen legg til rette for lek, der dei lærer barna å vere inkluderande, hjelpsame, vise empati og me støttar dei i konfliktløysing.

Nærmiljø og samfunn

Barnehagen jobbar med dette området, ved å gå turar i nærmiljøet, utforska naturen, besøka gardsbruk og brukar vintermånadane til mykje skiaktivitetar. Me er heldige som har nærliggjande brannstasjon, så i brannvernveka kan det vera at brannbilen dukkar opp og borna får utforska yrkesrolla. I forbindelse med samanes nasjonaldag, markerer me ei heil veke med ulike aktivitetar som t.d joiking, teikna flagg, reinsdyr, pipitelt og samekofte. Me har opparbeida oss ein fast turplass som er nærliggjande, som borna er trygg på, visar glede til og som dei likar å utforska. Barnehagen har ulike tradisjonar gjennom året, som t.d lokalmat og songar frå Vossestrand. I år har me nærmiljø som satsingsområde, så ein kan lese meir om dette under kapittel 2.1. Kunnskapsdepartementet. (2017). Rammeplan for barnehagen: Forskrift om rammeplan for barnehagens innhald og oppgåver. Henta fra <https://www.udir.no>

Årshjul til barnehagen 2025-2026

Månad	Dato	Kva
August	11. – 13.	Planleggingsdagar – barnehagen er stengt
Oktober	6. – 10.	Hautstferie på skulen – barnehagen er open, gi beskjed dersom barnet ditt tek fri
November	10.	Planleggingsdag – barnehagen er stengt
Desember	29. - 30.	Kartlegging tidlig i desember avgjer om barnehagen skal vere open desse dagane – ved mindre enn 10 barn blir barnehagen stengt
	24. og 31.	Barnehagene er stengt julaftan og nyttårsaftan, samt dei andre raude dagane (25. og 26 des. + 1. jan.)
Januar	2.	Planleggingsdag – barnehagen er stengt
Februar	16. – 20.	Vinterferie på skulen – barnehagen er open, gi beskjed dersom barnet ditt tek fri
Mars	13.	Planleggingsdag – barnehagen er stengt
	30. – 31.	Kartlegging slutten av mars avgjer om barnehagen er open desse dagane, ved mindre enn 10 barn blir barnehagen stengt. 16. april stenger barnehagen kl. 12 dersom den er open.
April	1.	Kartlegging slutten av mars avgjer om barnehagen er open desse dagane, ved mindre enn 10 barn blir barnehagen stengt. 1. april stenger barnehagen kl. 12 dersom den er open.
	2. – 6.	Påske – barnehagen er stengt
Mai	1.	Offentlig høgtidsdag – barnehagen er stengt
	14.	Kristi himmelfartsdag – barnehagen er stengt
	25.	2. Pinsedag – barnehagen er stengt
Juni	19.	Siste dag for skulane, sommarferie begynner
Juli	13.-24. (Veke 29 og 30)	Barnehagen er stengt

Diverse rutiner i Sundve FUS barnehage
I barnehagen har me ulike rutiner, her er nokon av dei viktigaste:

- Alle barn skal ha med seg eige drikkeflaske med vatn. Denne flaska skal heim kvar dag for å blir vaska.
- Alle våte kle skal heim kvar dag for tørking. Desse kleda blir hengt på trallene som står utanfor inngangsdøra.
- Foreldre har ansvar for halde orden i barna sine garderobeskap, fylla i og rydda etter kvar dag.
- Foreldre har ansvar for å merke alle klede med barna sine navn.
- Registrer fråvær på MyKid innan kl. 9.30
- Aktivitetar i barnehagen begynner kl. 9.30, vennligst lever barnet ditt før dette tidspunktet.
- Gi alltid beskjed til ein vaksen når du leverer/henter barnet ditt.
- Fullmakt til at andre kan hente barnet ditt kan du gi på MyKid.
- Lukk alltid porten – barn skal ikkje klatre på gjerdet.

